TYSSO KRAFTVERK AS

Tysso kraftverk

Konsesjonssøknad

Mai 2015

NVE - Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

22.04.2015

Søknad om konsesjon for bygging av Tysso kraftverk

Tysso Kraftverk AS ynskjer å utnytte vassfallet i Tysso i Ulvik herad i Hordaland fylke, og søkjer med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf.§ 8, om løyve til:

- å bygge Tysso kraftverk i samsvar med vedlagte utgreiingar og planar.

2. Etter energilova om løyve om løyve til:

- bygging og drift av Tysso kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg som skildra i søknaden.

3. Etter oreigningslova jf.§ 2, nr.51 om løyve til:

- oreigning av manglande rettar til naudsynte areal dersom det ikkje vert inngått minneleg avtale mellom søkjar og rettshavar.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Tysso Kraftverk AS

.....

Harald Sandvik

Dagleg leiar

Tysso kraftverk - konsesjonssøknad

Oppdragsgiver: Tysso Kraftverk AS

Skrevet av: Per Kåre Skudal og Ingri Dymbe Birkeland v/BKK	**Dato: 07.05.2015**
Seksjon/avd.: Prosjekt / Energi - Vassdragsplanlegging	**Dok. ID: 11522408**

Fordeles til: NVE - Konsesjonssavdelinga

Samandrag:

Selskapet Tysso Kraftverk AS, har Hardanger Energi AS og BKK Produksjon AS som eigarar. Tysso kraftverk ønskjer å nytte eit 227 m fall i Tysso til kraftproduksjon. Inntak vert på kote 237, og avløp som i dag på kote 10. Det er i dag kraftproduksjon i Ulvik1 kraftverk med inntak på kote 70, denne stasjonen vil verte nytta vidare til Tysso kraftverk.

Inntakskonstruksjon vert i elva. Vassvegen består av 700 m tunnel og deretter om lag 900 m nedgravd røyrgate til kraftstasjon på kote 10. Det er gamle Ulvik I som er tenkt nytta til stasjonsbygg. Forventa årsproduksjon er om lag 26,5 GWh og installert effekt vert 8,3 MW. Det tilsvarar årleg straumforbruk til 1325 bustadar.

Det er planlagt slepp av minstevassføring med 180 l/s om sommaren (1/5 - 30/9) og 64 l/s om vinteren (1/10 – 31/4). Dagens regulering av Tysso har ikkje pålagt minstevassføring. Men konsesjon til Tysso kraftverk vil det verte etablert minstevassføring på deler at anadrom strekning, der det ikkje er minstevassføring i dag. Det vil verte installert ein forbisleppingsventil i kraftstasjonen og den vil såleis kunne betre høva for anadrom fisk nedstraums kraftstasjonen.

Den samla konsekvensen for det omsøkte tiltaket er satt til liten negativ, sjå tabell under.

Tema	Konsekvens	Vurdert av
Vasstemp., is og	Liten negativ	Søkjar
Grunnvatn	Ubetydeleg	Søkjar
Ras, flaum og erosjon	Ubetydeleg	Søkjar
Raudlisteartar	Middels negativ	Konsulent
Terrestrisk miljø	Middels/liten negativ	Konsulent
Akvatisk miljø	Ubetydeleg/liten positiv	Konsulent
Landskap og INON	Middels negativ	Konsulent
Kulturminne og kulturmiljø	Liten negativ	Konsulent
Jord- og skogressursar	Liten negativ	Konsulent
Ferskvassressursar	Liten negativ	Søkjar
Brukarinteresser	Ubetydeleg/liten negativ	Konsulent/Søkjar
Samfunnsmessige	Liten positiv	Søkjar
Oppsummering	**Liten negativ**	**Søkjar**

INNHALD

1 INNLEIING 1

1.1 Om søkjaren 1
1.2 Grunngjeving for tiltaket 1
1.3 Geografisk plassering av tiltaket 2
1.4 Skildring av området 2
1.5 Eksisterande inngrep 3
1.6 Samanlikning med andre nærliggjande vassdrag 3

2 OMTALE AV TILTAKET 5

2.1 Hovuddata for Tysso kraftverk 5
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet 6
2.2.1 Hydrologi og tilsig 6
2.2.2 Inntak 8
2.2.3 Tunnel 9
2.2.4 Røyrgate 10
2.2.5 Kraftstasjon 10
2.2.6 Nettilknyting 11
2.2.7 Massetak og deponi 12
2.2.8 Transportanlegg 12
2.2.9 Køyremønster og drift av kraftverket 12
2.3 Kostnadsoverslag 12
2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket 13
2.5 Arealbruk og eigedomsforhold 14
2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar 15
2.6.1 Samla plan for vassdrag 15
2.6.2 Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar 15
2.6.3 Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021. 17
2.6.4 Nasjonale laksevassdrag 18
2.6.5 EUs vassdirektiv 18
2.6.6 Ev. andre planar eller verna område – artsvern –biotopvern i sjø 18
2.7 Alternative utbyggingsløysingar 18
2.8 Framdrift 19

3 VERKNADAR FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN 20

3.1 Hydrologiske verknadar av utbygginga 21
3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima 22
3.3 Grunnvatn 22
3.4 Ras, flaum og erosjon 24
3.5 Raudlisteartar 27
3.6 Terrestrisk miljø 27
3.7 Akvatisk miljø 29
3.8 Verneplan for vassdrag og nasjonale laksevassdrag 31
3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON) 31
3.10 Kulturminne og kulturmiljø 33
3.11 Reindrift 35
3.12 Jord- og skogressursar 35

3.13 Ferskvassressursar ... 36
3.14 Brukarinteresser ... 36
3.15 Samfunnsmessige verknader ... 37
3.16 Kraftlinjer ... 37
3.17 Dam og trykkrøyr ... 38
3.18 Alternative utbyggingsløysingar ... 38
3.19 Samla vurdering ... 38
3.20 Samla belastning ... 38

4 AVBØTANDE TILTAK ... 39

5 REFERANSAR ... 40

6 VEDLEGG TIL SØKNADEN ... 41

1 INNLEIING

1.1 Om søkjaren

Konsesjonssøker: Tysso kraftverk AS
Postboks 7050
5020 Bergen
Organisasjonsnummer: 997 051 785

Tiltakshavar for Tysso kraftverk er selskapet Tysso kraftverk AS som har Hardanger Energi AS og BKK Produksjon AS som eigarar.

Hardanger Energi AS er eit kommunalt eigd aksjeselskap, og er eit produksjons- og fordelingsverk med nær 40 tilsette. Selskapet omset årleg omlag 140 GWh. Administrasjonen ligg i Kinsarvik med avdelingskontor i Jondal, då med montørstasjonar på Utne, i Ulvik, Eidfjord, Jondal og i Kinsarvik. Selskapet er eigd av Eidfjord kommune, Ulvik herad, Ullensvang herad og Jondal kommune.

BKK Produksjon AS har 32 heileigde vasskraftverk på Vestlandet og eig 26 % i Sima kraftverk. I eit normalår er produksjonen 6,8 TWh. I tillegg eig og driv BKK produksjon Kollsnes kogenereringsverk med ei yting på 10,3 MW

BKK Produksjon AS produserer og omset kraft i engrosmarknaden. BKK utviklar og ny kraft gjennom nye utbyggingar, og har stor aktivitet innan rehabilitering og opprusting av eksisterande kraftverk.

BKK er eigd av Statkraft (49,90 %), Bergen Kommune (37,37 %) og dei resterande 12,35 % er fordelt på dei 16 kommunane Askøy, Lindås, Fjell, Sund, Kvam, Meland, Radøy, Voss, Øygarden, Austrheim, Vaksdal, Gulen, Høyanger, Fedje, Masfjorden og Granvin.

1.2 Grunngjeving for tiltaket

Tysso kraftverk er berekna til å produsere 26,5 GWh i et middels år, som tilsvarar årleg straumforbruk til 1325 husstander. Med ein utbyggingskostnad på 91,3 MNOK vert utbyggingsprisen 3,4 kr/kWh. I tillegg til å bidra til nasjonal kraftoppdekking gir kraftverket inntekter til Tysso kraftverk AS, Ulvik herad, staten og grunneigarane.

Tidlegare har Direktoratet for Naturforvaltning m.fl arbeida med å etablere ein ny regional genbank for villaks i Hordaland, men dette tiltaket er no lagt bort til ein annan lokalitet.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Figur 1: Geografisk plassering i regionen

Tysso renn ut i Ulvikapollen i Ulvik sentrum, i Ulvik kommune, Hordaland fylke. Her ligg og det gamle kraftverket Ulvik I som er tenkt nytta til nye Tysso kraftverk.

Ein kjem til Ulvik frå vest via Voss, eventuelt frå Bergen. Frå Granvin køyrer ein vidare gjennom Vallaviktunellen eller over Espelandsdalen. Frå sør kjem ein til Ulvik over Hardangerbrua.

1.4 Skildring av området

Tysso kraftverk, får tilsiget sitt frå eit felt som er på 36,2 km². Middelvassføring er berekna til 2,2 m³/s, og årstilsiget er 69,8 mill. m³.

Tysso kraftverk sitt nedbørsområde har stor snaufjelldel og er omkransa av toppane Stavaskarsnuten (1349 moh), Olsskavlen (bre, 1576 moh), Hestastodnuten (1401 moh) og Tyssedalsnuten (1065 moh) i nord og Kvasshovden (1066 moh) og Kjerringafjellet (1051 moh) i sør. Ned mot Espelandsvatnet er det bratte skogkledde lier. Riksveg 572 går igjennom Espelandsdalen til Granvin.

På utbyggingsstrekninga frå inntak på kote 237 og ned til den øvste bebyggelsen i Ulvik går ein gamal ferdselsveg.

Tysso renn ut i Ulvikapollen i Ulvik sentrum og har arbeidd seg djupt ned i terrenget frå inntaksområdet ved Aurdal og ned til sjøen.

1.5 Eksisterande inngrep

Den nedste strekninga av elva vert i dag nytta i det eksisterande kraftverket Ulvik 1. Dette kraftverket fekk konsesjon i 1921. Berørt elvestrekning er om lag 500 m lang, inntaket ligg på kote 69,4 og kraftstasjonen på kote 10. Kraftverket har to aggregat som samla yter om lag 1,4 MW og har ein årsproduksjon på om lag 6 GWh. Det er planlagt å nytte dagens kraftstasjonsbygning til det nye Tysso kraftverk. Dette vil krevje endringar innvendig i stasjonen.

Ein vesentleg del av Tyssovassdragets naturlege nedbørsfelt er allereie utnytta i Ulvik 2 som BKK eig. Ulvik 2 ligg inne i fjellet ca 800 m nordaust for Ulvik 1. Inntaket til Ulvik 2 er i Solsævatnet.

Tiltaksområdet for øvrig er prega av bebyggelse med tilhøyrande infrastruktur i dei nedre deler, medan i øvre halvdel av området er det hovudsakleg utmark, med FV 572 som går gjennom området i retning Espeland og vidare mot Granvin. Ei vegbru krysser elva like over der inntaket er planlagt, ved Verafossen.

1.6 Samanlikning med andre nærliggjande vassdrag

I Tysso har to andre kraftprosjekt vore konsesjonssøkt; Espelandselvi kraftverk som vart avslått, og Ulsberg minikraftverk, som fekk konsesjon i 2014. I Vambheimelva som renn ut i Ulvikapollen om lag 250 m sørvest for Tysso sitt utløp er det konsesjonssøkt eit kraftverk, denne er framleis til sakshandsaming. Nord for Ulvik ligg Ljonesskrulen, som i dag vert tappa til Solsævatnet, som er inntaksmagasinet til BKKs Ulvik kraftverk (Ulvik 2).

I Osa planlegg Statkraft å nytta deler av restvassføringa i Austdøla til ny kraftproduksjon. Sjå figur 2 og tabell 1 for detaljar.



Figur 2: Kraftverksplanar i Ulvik og omegn

Tabell 1: Oversikt over andre kraftprosjekt

Elv	Kraftverk	KDB-nr	MW	GWh	Søkjar
Tysso	Espelandselvi kraftverk	5510	2,5	7,5	Småkraft AS
Tysso	Ulsberg minikraftverk	5276	1,0	3,4	Hardanger alliansen
Vambheimselva	Vambheim kraftverk	5577	2,5	8,0	Kraftkarane AS
Austdøla	Austdøla kraftverk	6152	8,5	33,4	Statkraft AS

2 OMTALE AV TILTAKET

2.1 Hovuddata for Tysso kraftverk

Tabell 2: Hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km^2	36,2
Årleg tilsig til inntaket	$mill.m^3$	69,8
Spesifikk avrenning	$l/s/km^2$	61,1
Middelvassføring	m^3/s	2,21
Alminneleg lågvassføring	l/s	93
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	180
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	64
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	237
Avløp	moh.	10
Lengde på råka elvestrekning	m	1720
Lengd på tidlegare råka elvestrekning.	m	507
Total lengd råka elvestrekning	m	2227
Brutto fallhøgd	m	227
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kwh/m^3	0,545
Slukeevne, maks.	m^3/s	4,4
Slukeevne, min	m^3/s	0,22
Tilløpsrøyr, diameter	millimeter	1200
Tunnel, min.tverrsnitt	m^2	14-16
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	1100/350
Sjakt tverrsnitt	m^2	3
Sjakt lengd	m	450
Installert effekt, maks	MW	8,3
Brukstid	timar	3247
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	11,5
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	15,0
Produksjon, årleg middel	GWh	26,5
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	91,3
Utbyggingspris	kr/kWh	3,4

Tabell 3: Elektriske anlegg

GENERATOR		
Yting	MVA	9,2
Spenning	kV	6,6
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	9,2
Omsetning	kV/kV	6,6/22
NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)		
Lengd	km	0,5
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel	kabel	22

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

2.2.1 Hydrologi og tilsig

BKK har logga vassføringa ved Aurdal i Tyssovassdraget i eitt år, frå vår 2010 til vår 2011.

Frå driftsdata for BKK-kraftverket Ulvik 2, finn ein at i snitt over dei siste 13 åra er det 3 mill m³ i overløp frå Solsævatnet som renner til Tysso. Dette tilsvarar ein årsproduksjon på ca 1 GWh. Det er stor usikkerheit knytt til dette talet så overløpstilsiget er ikkje medtatt i produksjonssimuleringane.

Basert på observasjonar i Slondalsvatnet og historiske produksjonsdata for Ulvik kraftverk, vart det i 2007 gjort ei analyse som viser at avrenningskartet til NVE truleg viser for lågt spesifikt avløp. Avrenningskartet gir ca 45 l/s·km² for nedbørsfeltet til Tysso kraftverk, medan det i vurderingane som BKK gjorde i 2007 vert vurdert at spesifikk avrenning for nedbørsfeltet er i storleiken 61 l/s·km².

For å redusere usikkerheita gjorde BKK hausten 2013 ei større analyse av ca. 250 dataserier for nedbør og vassføring på Vestlandet (mellom Nordfjord og nord i Rogaland), i tillegg vart eigne data for vasshushaldning innanfor BKKs reguleringsområde nytta. Nedbørdataene som inngår i analysa er normalisert, korrigert for oppfangingssvikt, justert for høgde og fordamping, og vidare brukt til å sette opp ein nedbørkartmodell.

Analysa har resultert i eit avrenningskart som for BKKs reguleringsområder treffer betre på faktisk produksjon enn det bruk av NVEs avrenningskart gjer. Nedbørfeltet til Tysso kraftverk ligg i eller tett ved BKK-regulerte vassdrag der det finst reelle data frå vasshushaldningen. Kartet stadfester eit større tilsig enn det som er funne frå NVEs avrennigskart. Tysso kraftverk ønsker å verifisere dette med vassføringsmålingar før andre tilsigstall enn NVEs tall vert nytta. Det vil verte vurdert gjenopptaking av vassføringsmålinga i Tysso til sommaren.

I dei vidare vurderingane er det nytta ei spesifikk avrenning på 61 l/s·km² for feltet til Tysso kraftverk.

For vurdering av dataserie til produksjonssimulering og vurdering av vassføringsforholda i Tysso før og etter utbygging er vassmerke (VM) 62.18 Svartavatn funne til å vere mest

representativt med tanke på parameter som Hmin, H50, sjøprosent, snaufjellprosent, breprosent og hypsografisk kurve. VM Svartavatnet har registrerte data sidan 1987 og er framleis aktiv. Vurderte vassmerke med tilhøyrande feltdata er samanstilt i tabell 4.

Tabell 4: Feltdata for vurderte dataseriar til bruk for hydrologiske analyse for Tysso kraftverk

Serie nr:	Serie	Areal	Hmin	H50	Hmax	Sjø -%	Eff. Sjø%	Bre %	Snau fjell %	Felt- lengd	Gradient
62.18	Svartavatn	72.1	219	753	1110	3.1	0.08	0	65.53	16.44	33.46
41.1	Stordalsvatn	129	51	685	1297	10.7	6.38	0	58.5	23.21	34.77
62.14	Slondalsvatn	42.2	752	1214	1602	9.4	2.42	1.9	83.84	8.16	36.83
63.2	Brakestad	224	495	964	1426	10	1.15	0	86.83	19.38	19.21
61.8	Kaldåni	16.1	579	885	1128	2.1	0	0	92.92	6.16	60.05
55.4	Røykenes	50	53	307	960	3.9	2.24	0	31.66	15.92	43.81
50.1	Hølen	232	120	1276	1686	0	0	0.35	88	29.35	29
	Tysso	36.3	240	750	1560	4.1	5.3	0.6	>60	8	36.3



Figur 3: Histogram for årleg middelavrenning og fordeling over året (hydrologisk regime)



Figur 4: Varighetskurve for Tysso kraftverk.

5-persentil ved inntaket er utrekna til 195 l/s for sommarsesongen (1.5-30.9) og 68 l/s for vintersesongen (1.10-30.4), ved bruk av VM Svartavatn for perioden 1988 - 2014. Då miljøutredninga vart gjort i 2010 var dataserien 4 år kortare og dermed var verdiane for 5-persentilen annleis, BKK har vald å nytta dei «gamle» verdiane, derav er forslaget til minstevassføring på hhv 180 og 64 l/s. Ved bruk av VM Svartavatn er alminneleg lågvassføring ved inntaket utrekna til 93 l/s.

I vedlegg 4 er hydrologiske kurver for tørt, middels og vått år for før og etter utbygging samanstilt.

Tabell 5 Felt: storleik og tilsig (1988-2007)

Felt	Feltstorleik (km²)	Middels årleg tilsig (mill.m³/år)	Middels vassføring (m³/s)
Heile feltet	39,3	75,78	2,8
Inntak	36,2	69,80	2,21
Restfelt	3,1	5,98	0,19

2.2.2 Inntak

Det er planlagt eit inntak med rist og luke på om lag kote 237 like nedanfor riksveg 572, ved Aurdal der vegen kryssar elva.

Inntakskonstruksjon vert plassert ved dammen. Sjakta opp frå tunnelen blir knytt til inntaket og der vert bygd eit hus med grunnflate på 15-20 m² over. Inntaksdammen vert om lag 20 m brei og 6 meter høg.



Figur 5: Utsnitt frå vedlegg 2 som viser inntaksområdet med dam, inntak og veg. Stipla linje er sjakt og tunnel.

2.2.3 Tunnel

Frå inntaket på kote 237 moh vert det bora ei 450 m lang sjakt ned til ein om lag 350 m lang tunnel som kjem ut i dagen like nedanfor Bergo på om lag på kote 190. Tunnelen vert drive med minimumstverrsnitt på 14-16 m².

I detaljprosjekteringa kan det verte vurdert å drive heile eller deler av tunnelen ved opprømming. Denne løysinga krev større helling og det er pr i dag uvisst om det let seg gjennomføre.

Retningsstyrt boring er vurdert og ikkje funne eigna på grunn av for lite tverrsnitt til den vassføringa som er tenkt nytta i stasjonen. Dersom teknologien og tilgjengelige tversnitt utvikilar seg kan dette vurderast på nytt seinare i detaljprosjekteringa.

Ved tunnelinnslaget nedanfor Bergo er det planlagt eit massedeponi for omlag 18 000 m³ tunnelmasse (ved tunnel med minimumstverrsnitt). Dette vert lagt i søkket som vender mot elva, sjå figur 6. Endeleg utforming av deponiet vil skje etter innspel frå grunneigarane og myndigheitene . Deponiet vil bli tilsådd og tilpassa vegetasjonen i området. Vidare vil ein utbetre deler av den gamle ferdselsvegen som vert påverka av deponiet.



Figur 6: Luftfoto av tiltaksområdet.

2.2.4 Røyrgate

Vassvegen vidare vil bestå av 1200 mm duktile støpejernsrøyr som skal gravast ned, ca 1100 m lengde. For å unngå store inngrep ved forankring av røyrgata i den bratte skogkledde skråninga mot elva, er røyrgata tenkt plassert på dyrka mark i øvre del. Denne plasseringa reduserer faren for å ureine elva pga erosjon frå ei nyleg tilstelt røyrgate.

Den øvre delen av røyrtraseen vil gå over massedeponiet. Den nedre delen vil i ein viss utstrekning krysse dyrka mark, men for det meste gå i skogkledd område før den når busetnaden ovanfor kraftstasjonen.

Anleggsbeltet vert på inntil 15 m, med betydeleg smalare breidde i partiet røyret skal forbi bustadhus (kote 145 – 125 moh).

2.2.5 Kraftstasjon

Den eksisterande kraftstasjonen til Ulvik 1 ligg i dag om lag på kote 10, og dette bygget er tenkt nytta til nye Tysso kraftverk. Kraftstasjonen er ein del av Ulvik si tekniske historie og det er svært ønskeleg å ta vare på bygget slik det står fram i dag.

Kraftstasjonen var ferdig i 1921 og det er installert to Francis turbinar med ein samla effekt på 1,4 MW. Dagens fallhøgd er 60 m og maks vassforbruk i turbinane er på 3 m^3/s.

Tysso kraftverk vil få ein peltonturbin med slukeevne på 4,4 m^3/s og fallhøgda vert om lag 227 m. Minste slukeevne vil ligge på om lag 0,22 m^3/s. Av omsyn til strandingsrisiko for anadrom fisk nedstraums kraftstasjonen i tilfelle stopp i kraftverket, vil det verte

installert ein forbisleppingsventil i tilknyting til turbinen. Kapasiteten på forbisleppingsventilen er antatt å verte på 50 % av slukeevna, altså på 2,2 m³/s.

Det vert installert ein generator med yting på 8,3 MW (9,2 MVA /cos φ = 0,9) og ein transformator på 9,2 MVA med utgåande spenning på 22kV.

Etter synfaring vinter 2015 vert det vurdert at det gamle kraftstasjonsbygget og maskinsalen kan nyttast for det nye aggregatet, men ein del bygningsmessige tiltak er naudsynte. Dette er for eksempel montering av større maskinsalkran, fjerne gamal elektro- og mekanisk utrustning, forankring av nye stålsøyler og deler av maskinsalgulvet må meislast ned til fast fjell.



Figur 7: Kraftstasjon Ulvik I

2.2.6 Nettilknyting

Kraftverket vert kopla til eksisterande 22 kV nett. Områdekonsesjonær er Hardanger Energi AS og anlegget vert bygd under Hardanger Energi sin områdekonsesjon. Det må leggast ny og sterkare 22 kV kabelforbindelse frå Tysso kraftverk til lokalt 22 kV distribusjonsnett.

<u>Anna nett/ forhold til overliggjande nett</u>

I Hardanger Energi sitt område (Ulvik) er det ingen ledig kapasitet for innmating av ny produksjon frå småkraftverk. Hardanger Energi, Statkraft og BKK ser no på nye mogelegheiter for tilknyting av ny effekt i 22 kV-nettet. Det er forventa at det vert funne løysingar innan det omsøkte anlegget er i drift. Løysingane vil variere med kor mange nye anlegg som skal knytast til, sjå avsnitt 1.6.

Det er nødvendig med både ny transformering frå 22 kV distribusjonsnett til 132 kV regionalnett, og tiltak i 132 kV og 300 kV linjenettet. Desse tiltaka vil være avgjerande for å kunne overføre ny kraft ut frå Ulvikområdet.

Ny 300 / 132 kV transformator i Evanger har fått konsesjon og er under arbeid. Ny 132 kV leidning Voss – Granvin er under gjennomføring og er planlagt ferdigstilt i løpet av 2015. Ny 132/22 kV transformering i Ulvik er framleis til sakshandsaming.

2.2.7 Massetak og deponi

Tunnelen, som vil få eit tverrsnitt på 14-16 m^2, vil gje om lag 18 000 m^3 med lausmassar. Deler av denne tunnelmassen kan bli bruk til å fylle tilbake i tunnelsålen og grave ned røret inn til proppen. Det vil også bli brukt stein til bygging av veg fram til tunnelen. Ein tek likevel omsyn til at det kan bli behov for å deponere om lag 15 000 – 18 000 m^3 med tunnelstein. Det er planlagt eit steintipp i eit dalsøkk sørvest for tunnelpåhogget. Her det naturleg god helling. Det er og eit område som er lite synleg og har god kapasitet til å lagre massar på ein lite skjemmande måte.

Massane er lite eigna til topplag i veg, men deler av massane kan stillast til rådigheit for øvrige interessentar ved interesse. Utforming av deponiet vil skje i samråd med grunneigar og faginstansar.

Det vil verte anlagt standard renseanlegg, med mellom anna sedimenteringsbasseng, for å ta hand om avrenninga frå tunneldrifta.

Når det gjeld volum på tunnelmassar for høvesvis tunnel med minimumstverrsnitt eller opprømming, vil tunnel med minimumstverrsnitt gje litt større volum og massane vil innehalde dynamittrestar. Massar frå opprømming vil vere reine, men krevje meir utspyling på grunn av relativt låg helling. Uansett val av metode for tunneldriving vil eit standard renseanlegg kunne ta hand om avfallet og hindre forureina sig til grunn.

2.2.8 Transportanlegg

Det må lagast to korte anleggsvegar til inntaket og til påhogget for tunnelen. Dei vert om lag på høvesvis 150 og 200 m, med vegbreidde på 4 m. Anleggsbeltet vert på 15 m.

Til kraftstasjonen er det veg i dag, men akseltrykk må vurderast med tanke på frakt av tunge kolli.

2.2.9 Køyremønster og drift av kraftverket

Tysso kraftverk vil produsere etter naturleg tilsig i elva og kraftverket vil ikkje ha magasin med moglegheit for å lagre vatn.

2.3 Kostnadsoverslag

Utbyggingssummen for Tysso kraftverk, inkudert nettilknyting, er funne til å vere 91,3 mill kr. Med ein årsproduksjon på 26,5 GWh vert utbyggingsprisen på 3,4 kr/kWh. Kostnadene er referert til 1. kvartal 2015.

Tabell 6: Tysso kraftverk, byggekostnadar

Kostnadselement	mill. NOK
Dam og inntak	6,5
Driftsvassveg	41,0
Kraftstasjon. Bygg	5,7
Kraftstasjon. Maskin / elektro	18,0
Kraftlinje / anleggsbidrag	9,6
Transportanlegg.	0,5
Prosjektering, byggeleiing, adm, mm	8,7
Finansieringsavgifter og avrunding	1,3
Sum utbyggingskostnader	**91,3**

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftverket vil bidra med fornybar energi ei eit allereie utbygd vassdrag, sjå tabell 6.

Tabell 7: Årsmiddel- og sesongproduksjon for Tysso kraftverk

Tysso kraftverk, forventa produksjon	GWh
Middels sommarproduksjon (01.05-30.09)	11,5
Middels vinterproduksjon (01.10-30.04):	15,0
Middels års produksjon:	26,5

I tillegg til å bidra til nasjonal kraftoppdekking gir kraftverket inntekter til eigarane av Tysso kraftverk AS, Ulvik herad, staten og grunneigarane.

Slik planane ligg føre vil også miljøtilstanden i elva verte betra frå kote 70 til kraftstasjonen, og også frå kraftstasjonen ned til sjøen på grunn av installasjon av forbisleppingsventil. Det vert etablert minstevassføring på ein elvestrekning som ikkje har hatt dette tidlegare. I dag vert det også tørt i elva ved brå avslag i stasjonen. Ein forbisleppingsventil vil sikre ei viss vassføring på elvestrekninga mellom kraftstasjonen og utløpet i fjorden ved driftsstopp. Det kan òg vurderast tiltak i elva, f.eks terskler for å forlenge den anadrome strekninga mellom kraftstasjonen og vandringshinderet. Dette er i såfall eit forhold så må utgreiast og vurderast nærare ved gyldig konsesjon.

Ulemper

Miljørapport for Tysso kraftverk er utarbeida av Sweco og er lagt ved denne søknaden, vedlegg 9. Dei største ulempene ved tiltaket finn ein for temaene landskap og viktige naturtyper (bekkekløft), som begge vert berørt av den reduserte vassføringa.

For ein samanstilling av alle konsekvensane sjå punkt 3.19.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Tabell 8: Arealbruk

	Behov under bygging	Behov permanent
Dam, lukehus, tilkomst	800 m²	400 m²
Røyrtrase	16 000 m²	0 m²
Massedeponi	15 000 m²	15 000 m²
Kraftstasjon / avløpskanal	Som før	Som før
Veg til kraftstasjon	Som før	Som før
Anleggsvegar	4200 m²	1500 m²
Riggareal inntak	500 m²	0 m²
Riggareal tunnelpåhogg	1000 m²	0 m²
Sum	**37 500 m²**	**16 900 m²**

<u>Eigedomsforhold</u>

Fallrettar

BKK Produksjon AS har sikra seg naudsynte rettar til råka fallstrekning gjennom tidlegare kjøp og seinare avtale. Frå kraftstasjon Ulvik 1 og opp til kote 70 eig BKK Produksjon AS fallrettane. For fallrettane vidare opp til inntaket vart det inngått avtalar mellom ein del grunneigarar og NVE i 1962-63 og seinare mellom BKK og ein del grunneigarar i 1971. Avtalar inngått av NVE er sidan overført til BKK. Grunna tvist mellom BKK og grunneigarane kring omfang av rettar og oppgjer gjennom tidlegare avtalar, vart det inngått ny avtale i 2013 med grunneigarane (29 stk) langs Tysso frå kote 70 – 240. Ein eigar, gnr 60 bnr 1, har ikkje tilslutta seg avtalen. Det er såleis framleis tvist om ein kortare del av øvre fallstrekning. BKK Produksjon AS hevdar at fallrettane for denne eigedomen er seld gjennom tidlegare avtalar og seinare overdrege til BKK. Eigar av gnr 60 bnr 1 er av anna syn. Det har ikkje lukkast å komme fram til ein sams oppfatning eller ein minneleg avtale med eigar av gnr 60, bnr 1 i Ulvik.

Tysso Kraftverk AS søkjer derfor om ekspropriasjon etter Oreigningslova § 2, nr 51 av eventuelle fallrettar frå gnr 60, bnr, som BKK Produksjon ikkje allereie har erverva ved tidlegare avtalar.

BKK Produksjon AS vil leige ut sine fallrettar til Tysso Kraftverk AS dersom Tysso Kraftverk AS får konsesjon til å gjennomføre prosjektet.

Erverv av grunn og andre rettar

Gjennom avtalen med grunneigarane frå 2013 har BKK Produksjon AS sikra seg rettar til naudsynt grunn for gjennomføring og drift av store delar av prosjektet. Desse rettane skal overførast til Tysso Kraftverk AS.

Nokre grunneigarar som vert råka av røyrtrase i nedre del er det ikkje inngått avtale med på noverande tidspunkt. Røyrtraseen i nedre del råkar områder med bustadeigedommar og sentrumsnær infrastruktur. Detaljerte planer for røyrtraseen er førebels ikkje utarbeida, og det er vanskeleg for desse grunneigarane å ta stilling til planane for røyrtraseen nå. Tysso Kraftverk AS har avtala med grunneigarane at me skal ta desse med i den vidare planlegginga for å ivareta deira interesser, slik at løysinga og inngrepa

skal verte mest mogeleg skånsame. Gjennom undersøkingar og nærare detaljplanlegging saman med råka grunneigarar vil Tysso Kraftverk AS søkje å komme til gode løysingar og oppnå frivillige avtalar før sluttbehandling av konsesjonssøknaden.

For det tilfelle at det ikkje skulle lukkas oss å komme til frivillige avtalar med desse grunneigarane søkjer Tysso Kraftverk AS om ekspropriasjon etter Oreigningslova § 2, nr 51 om løyve til oreigning av naudsynte rettar til å ta i bruk grunn og drift av røyrtraseen over desse eigedomane.

Naudsynte rettar over eigedomane vil omfatte rett til naudsynt arbeid med å etablere, ha liggjande og å drifte røyrgata til Tysso kraftverk. Det vert søkt om mellombelse rettar til arealbruk i anleggstida for etablering av røyrgata, og permanente rettar til å ha røyrgata liggjande i grunnen. Arealbehovet råkar bustad- og landbrukseigedom.

Heimel til oreigning vert søkt på følgjande eigedomar i Ulvik:

Gnr/bnr

- 68/28,31,54,29
- 69/4,20,29

Oversikt over råka eigedomar

Vedlegg 7 viser oversikt over råka eigedomar i prosjektet og kart over eigedomar som er råke av søknad om oreigning til etablering av røyrgate.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

2.6.1 Samla plan for vassdrag

Stortinget bestemte i 2005 (Supplering av Verneplan for vassdrag, st.prp. nr. 75 18.februar 2005) at prosjekter med mindre enn 10 MW installert effekt automatisk skulle få fritak for behandling i Samla plan.

2.6.2 Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar

Tysso ligg ikkje innanfor område som er med i verneplan for vassdrag eller andre verneplanar. Det er artsvern og prioriterte naturområde i området, men tiltaket kjem ikkje innanfor grensene til desse. Dei vil likevel verte omtalt seinare i søknaden og i miljørapporten (vedlegg 9).



Figur 8: Prioriterte naturtyper (grønt) i Ulvik (fra dirnat.no)

Området med prioritert naturtype ovanfor tunnelinnslag (figur 10) vart undersøkt av Dag Holtan i 2009 og inneheld rik edellauvskog og karplanter (D.Holtan pers.med.) Området vert ikkje påverka av tunneldriving sidan tunnelpåhogget kjem på nedsida av vegen.



Figur 9: Arealplan Ulvik (www.ulvik.kommune.no)

2.6.3 Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021.

Planen for små vasskraftverk i Hordaland vart vedtatt i 2009.

Hovudtema i fylkesdelplan er landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområder, fisk, kulturminne, friluftsliv og reiseliv. Dette skal sikre at ny fornybar energiproduksjon i små-, mini- og mikrokraftverk skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivsområde og store landskapsverdiar.

Fylket er delt opp i 14 underområde som har stort potensial for bygging av små vasskraftverk.

Tysso kraftverk ligg i delområde 7 Ulvik- Eidfjord. Som kartutsnitt nedanfor viser er det fleire småkraftprosjekt kartlagt og Ulvik området er registrert med kvalitetar vedrørande bekkekløfter og landskapsbilete.



Figur 10: Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021: Ulvikområdet

Tysso i Ulvik er i omtalt i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021 for tema naturverdiar- bekkekløfter.

Vidare er Landskap i klasse A eit område der dei samla komponentane har kvalitetar som gjer landskapet einestående og serskilt opplevingsrikt. Fruktbygdene (Ulvik) i Hardanger er i denne kategorien.

2.6.4 Nasjonale laksevassdrag

Tysso har ei anadrom strekning på om lag 350 m. Elva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

2.6.5 EUs vassdirektiv

Tysso (og Ulvik) høyrer til i Hardanger vassområde etter Forvaltningsplan for vassregion Hordaland, som nyleg har vore ute på høyring. Tysso i Ulvik (051-17-R) er klassifisert med dårleg økologisk tilstand og er ein sterkt modifisert vassførekomst som følgje av den eksisterande utbygginga i vassdraget. Førebelse tiltak er lista opp til å vere problemkartlegging og minstevassføring.

Forvaltningsplanen seier at forslag til miljømål er GØP (god økologisk potensiale) innan 2027, med fungerande akvatisk økosystem som konkret mål.

2.6.6 Ev. andre planar eller verna område – artsvern –biotopvern i sjø

Inst i Ulvikapollen, om lag ein km frå utløpet av Tysso, er der verneområder som er verna på grunn av stor artsrikdom når det gjeld flora og fugl.



Figur 11: Ulvikapollen med områder for artsvern og naturreservat (frå dirnat.no)

2.7 Alternative utbyggingsløysingar

For Tysso kraftverk er det også utarbeidd eit alternativ med nedgravde røyr langs elva heilt opp til inntaket. Dette alternativet ville gje ein vassveg som vart om lag 200 m lengre. Røyrtraseen ville gå gjennom områder med bratt sidehelling mot elva med dei tekniske utfordringane det ville gitt. Alternativet ville og ført til uheldige miljømessige inngrep i form av skoghogst og anleggsarbeid nærleik til gammal ferdaveg, auka falltap

og fare for erosjon ved at ein øydelegg torvlaget og vegetasjon med tilhøyrande rotsystem som held lausmassar på plass.

Retningsstyrt boring som alternativ er vurdert. Dette er ikkje funne eigna på grunn av at metoden vil per i dag gjefor lite tverrsnitt, sjå også avsnitt 2.2.3.

Tunnelløysing for den øvste delen vert vurdert til å vere klart best i ein totalvurdering der miljøet først og fremst vert teke omsyn til, sjølv om kostnadane aukar noko.

2.8 Framdrift

Etter at gyldig konsesjon føreligg treng ein om lag eitt år på førebuing og eitt år på bygging.

3 VERKNADAR FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN

Undersøkingane og vurderingane i dette kapitlet er utført av:

Ansvarlig	Tema
Sweco	Geologi og landskap Inngrepsfrie naturområde Biologisk mangfald Kulturminne Friluftsliv Landbruk Mars 2015: tilleggsnotat om anadrom strekning, ny avgrensning av bekkekløft og oppdatert artsliste.
BKK Produksjon AS	Hydrologi Vasstemperatur, isforhold og lokalklima Grunnvatn, flaum og erosjon Vassforsyning, vasskvalitet og resipientinteresser Samfunnsmessige verknader Konsekvensar av elektriske anlegg

3.1 Hydrologiske verknadar av utbygginga

Hydrologiske nøkkeltall er samanstilt i tabellane nedanfor.

Tabell 9: Hydrologiske nøkkeltall for Tysso kraftverk

	Like nedstraums inntak	Like oppstraums kraftstasjon
Middelvassføring før utbygging (m³/s)	2,2	2,4
Middelvassføring etter utbygging utan Qmin (m³/s)	0	0,19
5 persentil sommar (1.5 – 30.9) (m³/s)*	0,195	----
5 persentil vinter (1.10 – 30.4) (m³/s)*	0,068	----
Alminneleg lågvassføring (m³/s)	0,093	----
Planlagt minstevassføring (m³/s)**	0,180 / 0,064	----

*ved bruk av VM 62.18 Svartavatn og ved dataserie frå perioden 1988 – 2014

**ved bruk av VM 62.18 Svartavatn og ved dataserie frå perioden 1988 – 2009 (som miljørapporten baserer seg på.)

Konsesjonssøknaden og miljørapporten vart utarbeida i 2010 og då vart det brukt data frå VM 62.18 Svartavatn for perioden 1988 – 2009. No når søknaden vert offentleg ligg det føre 5 nye år med data frå vassmerket. Denne forlenginga av serien medfører at bl.a verdiane for 5-persentilen endrar seg noko, sjå tabell 9. Det er likevel vald å behande dei først omsøkte verdiane for 5-persentil som forslag til minstevassføring, sidan vurderingane i miljørapporten baserer seg på desse.

Tabell 10: Tilsig i nedbørsfeltet og restfeltet til Tysso kraftverk

	Mill m³	%
Middeltilsig ved inntaket	69,8	100
Tilsigsutnytting i kraftverket	50,3	72
Flaumtap	19,6	28
Middeltilsig i restfelt mellom inntak og kraftstasjon	6,0	---

Restfeltet er 3,1 km³ og den påverka elvestrekninga er på 2230 m. Frå tabell 9 finn me at gjennomsnittleg bidrag frå restfeltet like oppstraums kraftstasjonen vert 0,19 m³/s (ekskl minstevassføringa).

Avløpet frå Tysso kraftverk går ut i elva 300 m frå sjøen (kote +10). Denne strekninga vert ikkje påverka av dette tiltaket.

Vassføring i Tysso like nedstrøms inntaksdammen blir:

- Ved tilsig større eller lik 4,4 m³/s vil kraftstasjonen gå for fullt med ei slukeevne på 4,4 m³/s og resten av vassføringa går i elva som overløp i dammen. Det ser man frå varighetskurva i avsnitt 2.2.1 at vil skje 15 % av året.
- Ved tilsig mindre enn 4,4 m³/s og større enn 0,2 m³/s (som er største og minste slukeevne, ref avsnitt 2.1) vil alt tilsig gå gjennom kraftverket, med unntak av

minstevassføring. Det vert ikkje overløp over dammen. Det ser ein frå varigheitskurva i avsnitt 2.2.1 at vil skje 70 % av året.

Ved tilsig mindre enn 0,2 m³/s vil Tysso kraftverk stoppe og alt tilsig går i elva, som minstevassføring. Det ser ein frå varigheitskurva vil skje 15 % av året.

Tabell 11: Antall dager med vannføring større enn største slukeevne og mindre enn laveste driftsvannføring tillagt planlagt minstevannføring i utvalgte år

	Tørt år	Middels år	Vått år
Antall dager med vannføring > største slukeevne	31	52	80
Antall dager med vannføring < planlagt minstevannføring + laveste driftsvannføring	192	81	34

3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima

Elvestrekninga mellom inntaket og kraftstasjon er det området der ein kan forvente endringar i vasstemperaturen. Redusert vassføring og lengre opphaldstid i elva vil gi kjøligare og roligare vatn / meir is i kalde periodar. Tilsvarande vil det i varme periodar føre til litt høgare vasstemperaturar i og langs Tysso sidan smeltevatn / flaumvatn inntil 4,4 m³/s går til kraftstasjonen. I periodar med flaum over Tysso kraftverk si maks slukeevne på 4,4 m³/s vil verknaden av utbygginga verte redusert proporsjonalt med flaumen.

Lokalklima langs den smale elvedalen vil marginalt bli påverka av endringane i vasstemperatur.

Nedanfor Tysso kraftverk, kote 10, vil ein forvente marginalt høgare vasstemperatur i vinterhalvåret. I periodar med kaldt vær og låg produksjon (vassforbruk under 1 m³/s) vil vatnet til kraftstasjonen ha ei opphaldstid på 3,5 timar i fjelltunellen. Temperaturen i fjellet vil være over vasstemperaturen med nokre grader og følgjeleg representere ei marginal oppvarming. Tilsvarande verknad, men enno meir marginalt, vil ei nedgravd røyrgata representere. Verknaden er ein liten temperaturauke på vatnet ut frå kraftstasjonen om vinteren og risiko for meir frostrøyk ved elveosen. Dette er vurdert til liten negativ konsekvens.

3.3 Grunnvatn

Tysso renn slakt eit stykke nedstrøms inntaket, deretter stuper ho ned i tronge gjel for etterkvart å renne relativt bratt heilt ned til kraftstasjonen. Elva er omkransa av berg og renn djupt nedskoren i ein trong elvedal. Elva renn bratt ned mot sjø og der er ingen rolege parti i elva. Ein vil anta at det er i lange periodar med lågvassføring at ei eventuell drenering av grunnvatn er størst. Ei utbygging vil gje fleire dagar med lågvassføring og dermed auka drenering av grunnvatn til elva. Men endring i den bratte elva sitt vassnivå vert lite samanlikna med dei store høgdeforskjellane vi finn i terrenget langs elva.

Elva renn for det meste over fjell og hydraulisk kommunikasjon mellom elv og grunnvatn vil venteleg være liten samanlikna med vassdrag som i hovudsak renn over grunn som drenerer godt.

Den næraste registrerte brønn ligg 900 m frå elva og er bora i fjell. Konsekvensen for grunnvatn med tanke på uttak i brønn vert neglisjerbart. Det er ingen registrerte grunnvassførekomstar i området (figur 14).

Det er ingen registrerte grunnvassførekomstar eller brønnar i området som vert påverka av dette tiltaket iflg Den nasjonale grunnvannsdatabasen (GRANADA), sjå figur 12.



Figur 12: Grunnvassførekomstar i området (www.ngu.no)



Figur 13: Brønnar / vasskjelder i området (www.ngu.no)

Konsekvensen for økosystem langs elva vert vurdert til liten negativ konsekvens.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Vatnet si opphaldstid i elva aukar med antal dagar med lågvassføring. Bidrag frå restfeltet (190 l/s i middel) reduserer denne konsekvensen gravis mot sjø.

Det vil vere flaumar i elva etter ei utbygging. Dominerande flaumar oppstår ved kraftig snøsmelting og ved kraftig nedbør.

Tysso har sidan bygginga av Ulvik fått vatn frå om lag 43,5 % av opprinneleg nedbørsfelt. Elva er dermed frå naturen si side utforma og tilpassa den dobbelte vassmengda som den har i dag. Ras og erosjon grunna dagens vassføring er difor lite truleg. Ei utbygging vil i tillegg redusere maksflaumar med 4,4 m².

I følgje www.skrednett.no er deler av tiltaksområdet innanfor faresoner for ulike typer skred. Tunnelpåhogget, på nedsida av vegen ved Bergo, og massedeponiet er i eit område med fare for steinsprang og snøskred. Faresonen for snøskred fortset nedover røyrtraseen langs elva. Sjå figur 14-17.



Figur 14: Varsemdsområde for snø og steinskred, frå skrednett.no



Figur 15: Soner for snøskred, utlosnings- og utløpsområder, frå skrednett.no



Figur 16: Steinsprang, utlosnings- og utløpsområder, frå skrednett.no



Figur 17: Potensiell jord- og flomskredfare, frå skrednett.no

I driftsfasen er det berre minstevassføring, restvassføring og eventuelle flaumtoppar som passerar i elva og erosjon er lite relevant.

Maskinarbeid i forbindelse med nedgraving av røyrgata vil potensielt kunne føre til risiko for erosjon og lausmassar i elva ved større nedbørsmengder. Dette er ein viktig grunn til at ein vil forsøke å legge røyrgatetraseen til sides for elveskråninga.

Risiko for auka sedimenttransport er størst i byggetida, men tida fram til revegetering kan også ha risiko for erosjon. Utbyggar vil vere ansvarleg for å sikre anleggsområdet mot slike tilhøve i byggetida.

Konsekvensane for ras, flaum og erosjon på utbyggingsstrekninga vert vurdert til ubetydeleg.

3.5 Raudlisteartar

Av raudlistearter vart det funne trearten alm (NT- nær trua) og skorpefiltlav (NT- nær trua).

Tabell 12: Raudlisteartar

Raudlisteart	Raudlistekategori	Funnstad	Påverkingsfaktor
Alm	NT	Nedre del av bekkekløft	Flatehogst Treslagskifte
Skorpefiltlav	NT*	Aust for bekkekløft	Skogbruk/avvirkning Skogreising/treplantasjer

*Denne arten har med ein feil blitt katogorisert som VU –sårbar i miljørapporten, riktig kategori er NT.

Bekkekløfta som er omtalt i avsnitt 3.5 har ikkje vorte synfart på grunn av vanskeleg og utrygg tilkomst. Topografien til denne er mektig og elva renner i djupe skuggefulle juv med små og store fall, som trulig skaper stabilt fuktige høve og gode vekstvilkår for mellom anna mange arter av mose og lav. Det vert vurdert som sannsynleg at det finst fleire raudlisteartar i bekkejuvet og av føre-var prinsippet vert konsekvensen for raudlisteartar satt til middels negativ.

3.6 Terrestrisk miljø

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning, gitt ut rapporten "Bekkekløftprosjektet – naturfaglige registreringar i Hordaland 2009: Ulvik herad".

Rapporten er offentleg tilgjengeleg og eit resultat av eit statleg initiativ for å auke skogvernet i Noreg. Registrering av naturtypen / landskapsdelen bekkekløfter / skogsbekkekløfter er eit resultat av dette.

Frå rapporten:

På oppdrag fra Direktoratet for naturforvaltning fikk Rådgivende Biologer AS ansvar for å gjennomføre kartlegging av naturtypen bekkekløft i Rogaland fylke i 2008. Året etter fortsatte dette arbeidet med Hordaland fylke. Dette ble gjort i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap

(Fana) og AMBIO miljørådgivning AS (Stavanger). Prosjektleder har vært Per G. Ihlen ved Rådgivende Biologer AS. Denne rapporten viser resultatene av undersøkelsene av lokalitetene i Ulvik herad.

"En skogsbekkekløft er en V-dal eller et gjel med bratte sider, en bekk eller en elv i bunnen og med fastmarksskogsmark (eventuelt også flomskogsmark) i bunnen og langs kantene".

De største truslene mot bekkekløfter er inngrep som endrer fuktighets- og lysforholdene (DN-håndbok 13, 2007), som for eksempel rassikring, veibygging, flatehogst og redusert vannføring i forbindelse med vassdragsreguleringer.

Rapporten skildra naturen i bekkekløfta slik:

Landskapet rundt Tysso består av bratte fjellsider som i nedre del brytes opp av enkelte små innmarksområder. Bekkekløften er godt synlig i landskapet. Den er jevnt over ganske smal og det er svært bratt i bekkekløften. I tillegg er det flere meget store gjel, spesielt i øvre del av forvaltningsområdet. Det aller meste av lokaliteten er derfor vanskelig tilgjengelig og det er flere steder svært risikabelt å ta seg ned i dalbunnen.

